

Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10485 - 22/12565

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
16.02.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 123/4 Fjellanger

Tiltak: Overbygget garasje/verksted
Byggjestad: Gbnr: 123/4
Tiltakshavar: Marius Furseth
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.11.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonkartet manglar målsett avstand til veg.
2. Plassering av bygnaden nærmare vegen enn 4 meter krev samtykkeerklæring frå alle eigarar av vegen.
3. Avkøyrslar til private vegar skal tilfredsstillе dei same tekniske krav til utforming som er sett for avkøyrslar til offentlege vegar. Heimel: Pbl § 11 – 9 nr. 5. Siktlinje må teiknast inn på plankartet. I dette høvet gjeld det der gardsvegen møter den private vegen.
4. Teikningane manglar også kotehøgde på ferdig golv, kotehøgde på møne, målsett avstand til nærliggande bygningar, samt avstand til nabogrense mot vest.

Elles informerer administrasjonen om at eigedommen ligg i sone med særskilte omsyn, omsynssone H_510. Det skal takast særleg omsyn til jordbruksdrift og kulturlandskap ved planlegging, handsaming av søknader, og gjennomføring av tiltak innanfor området, jf. føresegn 7.6 i KDP (omsyn landbruk). Plasseringa handsamast som søknad om omdisponering etter jordlova § 9. Grunna nemnte høve, vil søknaden bli sendt på høyring til Alver kommune, avd. landbruk,- og kultur, når nemnte manglar er mottatt. Uttalefrist frå dei er 4 veker.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.03.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen
Marius Furseth

Lurevegen 304
Risassjøvegen 286

5912 SEIM
5955 LINDÅS

Svar sendt til
kommunen,
sendt 04/03-22
kl. ~ 14:00
Luf

Sendt "på nytt"
08/03-22
kl. 14:40
Luf

Sendt "på nytt"
3. gang
09.03.22
kl. 13:56

Scannet og
sendt til kom.
04/03-22
+ kopi 08/03-22
Luf